



Ivar Gundersen orienterar forvaltningskomiteen tidlegare i sommar. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Det vart ikkje funne automatisk freda kulturminne etter kulturminnelova på bustadfeltet til Ivar Gundersen i Nedre Halsabrotet i Uskedalen. Det opplyser fylkesarkeolog Tore Bjørge til uskedalen.no etterat to frå avdelingen hans gjennomførte ei registrering på staden for stutt tid sidan.

- Betyr det at feltet er frigjort for utbyggjing?
- Nei, vi skal no sende over saka til planavdelinga vår og så kjem det ei samla uttale frå fylkeskommunen. Men den kan ikkje vera klar før etter ferien, seier fylkesarkeologen.

Automatisk freda kulturminne er alle spor etter menneskjeleg aktivitet eldre enn reformasjonen, som fann stad i 1537.

Det kan til dømes vera synlege minne gravrøyser, gravhaugar, hustuffer, vegfar og kolgropar.

Men det kan og vera usynlege minne under markoverflata som flatmarksgraver, steinalderbuplassar, stolpehol og veggillar.

Fylkeskommunen fekk bestilling frå utbyggjaren på arkeologisk registrering i mars og det vart bede om at den vart utført snarast for at ein skulle komma vidare med handsaminga av reguleringsplanen.

Registreringa hadde samanheng med ei uttale frå fylkeskommunen frå i fjor. Der vart det vist til at det i Uskedalen er kjent fleire funn sjølv om arkeologane ikkje kjende til automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne i det aktuelle området.

Men etter ei vurdering av dette fann fylkeskommunen det naudsynt med ei synfaring før dei kunne gje ei fråsegn til planen.

Av Ola Matti Mathisen